

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.11.2020

Avrøysting

Innstillinga frå hovudutval for kultur, idrett og integrering vart lagt til grunn.

Innstillinga punkt 1-3 vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 4 vart vedteke mot 5 røyster (H og Frp).

Innstillinga punkt 5 vart vedteke mot 5 røyster (H og Frp).

Vedtak

1. Fylkesutvalet tek orientering om arbeidet med busetjing i Vestland til vitande.
2. Fylkesutvalet ønskjer å følgje arbeidet med busetjing i kommunane, og ber om å bli orientert om situasjonen på nyåret 2021.
3. Fylkesutvalet vil på eit seinare tidspunkt vurdere innspel til dei nasjonale kriteria for busetjing i kommunane. Dette skal vere basert på regionalt samarbeid og dialog med kommunane og god kunnskap om utviklinga i fylket.
4. Fylkesutvalet er positiv til å ta imot asylsøkjjarar / flyktningar frå den tidlegare Moria-leiren i Hellas (minst 50).
5. Fylkesutvalet meiner at ein ikkje skal la koronapandemien hindre busetting av flyktningar dei neste åra. Vi meiner også at tal på busette flyktningar i Noreg skal aukast dei neste åra for å kompensere for dei som ikkje blei henta i 2020 på grunn av koronapandemien, sånn at vi totalt sett ikkje busett færre flyktningar enn det som var planlagt før den nedjustere anmodinga for 2020